



Kor reserveuttaket bør skje kan ingen svara på førebels, men dette er Djupehølen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Truleg blir det naudsynt å leggja opp ein reserveforsyning av vatn frå Uskedalselva for innkopling i problem-vintrar som den i år.

Difor er dette sett opp som eit eige punkt under årsmøtet i Uskedal Vassverk på skulen måndag til veka. Der vil Svein Rimestad frå Mattilsynet orientera om erfaringar frå andre stader.

Prøver fortel at vatnet i elva er fullt ut brukbart som "vinter-vatn", men det seier seg sjølv at inntaket må skje så høgt oppe at det ikkje blir influert av saltvatn.

Det strekar leiar Hans Reidar Kjærland i vassverket under.

Han meiner at årsmøtet bør gje fullmakt til utarbeiding av eit forprosjekt der ein mellom anna finn fram til eit eigna punkt for vassuttaket gjennom boringar i eller ved elva.

Førebels er det allfor tidlig å ha ei meining om kor uttaket helst bør skje.

Ellers står dei vanlege sakene på årsmøtekartet - årsmelding, rekneskap, val og ymse.

Innkallinga til årsmøtet finn ein under 'Det skjer' her på sida.

Av Ola Matti Mathisen